
Fra: Synneve Lauvås <synneve.lauvaas@gmail.com>
Sendt: 23. september 2015 22:19
Til: Tor Kyrre Hegle
Emne: Re: Tilbakemelding på nabovarsel - gbnr 116/15 Lauvås

Hei og takk for svaret!

Slik eg forstår det av heimesida til Lindås kommune, skal det nyttast skjema for melding av byggesaker og nabovarsel: "Kommunen nyttar Direktoratet for byggkvalitet sine søknadsskjema." Det som er levert til meg, og kvittert for, er brev stila til kommunen, i tillegg til kart over området, og teikningar av bygga det vert søkt for. Det er ikkje gitt informasjon om klagerett eller -frist, eller annan relevant informasjon. Det skal vel informerast om klageretten?

Området der det vert søkt om dispensasjon for bygging, ligg i LNF-område. Eg har nokre spørsmål rundt dette:

Er det tillate med slik drift som det er på denne eigendomen når den ligg i eit LNF-område? Det eine bygget det vert søkt for oppføring av, gjeld overbygg over ei sag. Er det lov å driva sagbruk på dette området? Det er ikkje på noko tidspunkt meld frå (nabovarsel) om at området skulle nyttast til sagbruk.

På eigedomen det er snakk om, ligg min brønn og min næaste nabo sin brønn låg der. Eigaren av området har fyllt att brønnen til naboen min, og kopla vassleidningen til min brønn, utan å gi melding om det. Min brønn ligg etter kvart omtrent midt i eit område som er planert ut, med den forureininga det gir.

I tillegg til stor pågang av store lastebilar/trailerar på området, er det altså ei sag i drift, som durar og går til seine kveldane, og er eit stort miljøproblem i form av støy i området. I tillegg blir området brukt til det som høyrer ut som "råning" eller sterk rusig med bilmotorar - som regel seine kveldstimar eller på nattetid.

Som de forstår, medfører det mykje bråk det dei driv med på denne eigedomen. Er derfor svært skeptisk til ytterlegare bygging på området, og vil gjerne klaga før det vert gitt dispensasjon til oppføring av rubbhall (midlertidig?) og "lagerbygg" (som i praksis er overbygg over sag).

Kan dette nyttast om klage, eller må eg skriva ei spesiell klage i tillegg til der som kjem fram her? .Dersom dette kan nyttast som klage, vil eg senda det til eigaren av området det er snakk om - gbr 116/15 på Lauvås.

I morgon vil eg skanna og senda det eg har fått utlevert frå søkjaren.

Vennleg helsing

Synneve Lauvås

22. sep. 2015 14:20 skrev "Tor Kyrre Hegle" <Tor.Hegle@lindas.kommune.no> følgende:

Synneve Lauvås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3418 - 15/30510

Saksbehandlar:
Tor Hegle
Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:
22.09.2015

Tilbakemelding på nabovarsel - gbnr 116/15 Lauvås

Eg takkar for førespurnaden din.

Ut frå det du skriv oppfattar eg at du har fått eit nabovarsel om etablering av ein mellombels rubbhall på Gbnr 116/15, og at nabovarselet er merka med dispensasjon.

Det er ikkje krav til bruk av skjematurl for nabovarsling, men det er nokre minstekrav til kva som skal vere opplyst i varselet. Saman med varselet må det følgje eit kart kor tiltaket er tenkt plassert og ei teikning/prospekt på kva tiltak nabovarslet gjeld.

Har du merknader til saka, må desse sendast til dei du har fått nabovarselet i frå.

Du kan sende kopi av merknaden til oss.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Synneve Lauvås